

Referat fra styremøte nr. 4, 2014

Dato: 25.04.2014

Tid: Kl. 09.00 – 11.30

Stad: Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

Til stades:

Frå styret:

Styreleiar Bjørn Sandnes, Haram kommune
Styremedlem/nestleiar Arnulf Goksøy
Styremedlem Anders Riise, Hareid kommune
Styremedlem Kari Grindvik, Skodje kommune
Styremedlem Wenche Solheim, Ørsta kommune
Styremedlem Jarle Bjørn Hanken, Ålesund kommune
Varamedlem Geir Inge Lien, Vestnes kommune

Frå administrasjonen:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

Andre:

Espen Remme, strategi og utviklingssjef i Helse Møre og Romsdal
Ole Kristian Arntsen, virksomhetsleder for Regnskap og finans i Ålesund kommune

Forfall:

Styremedlem Geir Ove Vegsund, Sula kommune

Referent:

Vegard Sperre Austnes

Referatdato:

25.04.2014

Sak 22/2014: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Innkallinga vart godkjent. Etter at møteinnkalling var sendt ut kom det til ei ny sak til møtet. Saka gjeld orientering frå Helse Møre og Romsdal ved strategi og utviklingssjef Espen Remme om arbeidet med utviklingsplanen for sjukehusa i fylket (sak 28/2014).

Sak 23/2014: Godkjenning av referatet frå forrige styremøte (nr. 3 – 2014)

Ved styreleiar Bjørn Sandnes

Vedtak: Styret godkjenner referatet frå styremøte nr. 3 – 2014.

Sak 24/2014: Samfunnsutvikling Sunnmøre – vidareføring av prosjektet Sunnmøre i framtida - orientering om regionrådet sitt arbeid med kommunereforma. Orienteringssak.

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Representantskapsmøte nr. 2-2014 i Sunnmøre regionråd 04.04.2014 konkluderte med at regionrådet skal vere ein prosesshjelpar og kunnskapsformidlar i arbeidet med kommunereforma.

Arbeidet så langt vil bli presentert for rådmennene i Sunnmøre regionråd 9. mai. Administrasjonen i regionrådet er på ei runde med kommunebesøk. Det er lagt opp til eit møte om kommuneproposisjonen i samband med årsmøtet 5. og 6. juni 2014. Vidare er det lagt opp til Sunnmørkonferansen og Arena Sunnmøre 25. – 26. september 2014.

Frå styret kom det innspel om at det er viktig at invitasjon til møta i juni og september vert sendt raskt, slik at ein i kommunane set av tida. Vidare kom det forslag om å knyte ekstern prosessleing til møtet 5./6. juni 2014.

Dagleg leiar orienterar om det løpande arbeidet med reforma, og tankar om det vidare arbeidet.

Sak 25/2014: Årsmelding og rekneskap for 2013

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Årsmelding og rekneskap for 2013 var sendt ut til møtet. Når det gjaldt rekneskapen kommenterte Ole Kristian Arntsen at talet for eigenkapitaltilskot KLP 2013 er feil, og at dette vil verte retta. Når det gjaldt årsmeldinga kommenterte styret at heile årsmeldinga skal vere på nynorsk.

Vedtak: Styret godkjenner årsmelding og rekneskap for 2013 med merknadar som nemnt ovanfor.

Sak 26/2014: Startlån og bustadtilskot frå Husbanken

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Ordføraren i Ulstein kommune har henvendt seg til administrasjonen i regionrådet med ei sak som gjeld tildeling av startlån og bustadtilskot frå Husbanken.

Både Ulstein kommune og fleire andre kommunar på Sunnmøre har for 2014 fått tildelt mindre i startlån for vidare tildeling enn det dei har søkt om. Noko av bakgrunnen for dette er at det ligg føre nye sentrale føringar i Husbanken for startlån gjort gjeldande frå 1. april 2014.

Desse retningslinjene strammar vesentleg inn på bruken og tildelinga av startlån, der det skal leggjast vekt på at bustadetableringsproblema for søkerane er av *varig* karakter.

Det betyr at i praksis at innkomne søknadar etter 1. april må vurderast etter dei nye retningslinjene i Husbanken, med den konsekvens at mange av dei som tidlegare fekk innvilga startlån ikkje kan omfattast av ordninga. Dette er i samsvar med signala frå både forrige og noverande regjering.

Spørsmålet som vart diskutert var om styret i regionrådet ville gjere ei henvending til Husbanken for å prøve å påvirke omfanget av tildelingar av startlån og bustadtilskot.

Vedtak: Dagleg leiar tek kontakt med Ulstein kommune og KS Møre og Romsdal om saka. Saka vert å kome tilbake til på neste styremøte.

Sak 27/2014: Fast tilsetting av prosjektleiar i Sunnmøre regionråd

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Tilsettingssak – ikkje offentleg – jf. offentleglova § 25. Saksutgreiing frå dagleg leiar var sendt ut til møtet.

Vedtak: Styret sluttar seg til dagleg leiar sitt framlegg til vedtak.

Sak 28/2014: Utviklingsplanen for Helse Møre og Romsdal HF

Ved strategi og utviklingssjef Espen Remme i Helse Møre og Romsdal HF (HMR)

Remme presenterte statistikk om pasientstraumar og forbruk i HMR 2010-2012. Vidare var tema driftssituasjonen for HMR og utviklingsplanen og tidlegfase for nytt felles akuttsjukehus for Nordmøre og Romsdal.

Remme viste til at pasientstraum ut av fylket gir inntektsreduksjon for HMR, og at reduserte inntekter går ut over fagtilbodet. Driftsunderskot i 2013 og truleg også i 2014 påvirkar vidare investeringsevna til HMR. I tillegg til økonomi har HMR også utfordringar med små fagmiljø.

Nytt felles akuttstjukehus for Nordmøre og Romsdal vil ha eit befolkningsgrunnlag på om lag 118 000. Det vert utgreidd 6 ulike tomtealternativ, og gjennomført konsekvensutgreiing både på kommunalt og regionalt nivå. Medio august 2014 vert det ei høyring, der både regionråd og kommunar vil få høve til å uttale seg om planane for det nye akuttstjukehuset. Helse Midt-Norge tek si avgjerd 18. desember 2014.

Frå styret vart det nemnt at det er viktig at nytt akuttstjukehus ikkje vert så dyrt at ein ikkje har råd til å investere i sjukehusa på Sunnmøre.